
Saksnr: 2020/76935-3
Saksbehandlar: Bjørnar Tjoflot

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		

Tilleggsinnspel frå Vestland til stortingsmelding om verdiskaping frå norske energiressursar etter møte med Tina Bru

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune har følgjande forslag til tiltak for å raskt betre nettutfordringane i Vestland som igjen aukar verdiskapinga frå norska energiressursar.

1. Forser, forsterk og forplikt arbeidet med allereie starta nettoppgraderingsprosjekt i regionen. Meir spesifikt meiner Vestland fylkeskommune her
2. Forser spenningsoppgraderinga mellom Sogndal og Modalen/Steinsland til 420 kV.
3. Forser spenningsheving på kraftsambanda vidare til Kollsnes
4. Forser arbeidet med å auke kapasiteten på kabelstrekket mellom Litle Sotra og Kollsnes.
5. Forser arbeidet med å auke transformeringskapasiteten i Bergen og omland.
6. Prioritert og rask saksbehandling innom det lova tillét i Statnett, NVE og OED for nytt kraftsamband til Kollsnes frå Sogndalssnittet.
7. Statnett må velja traséalternativ til Kollsnes som gjev minst mogeleg potensial for konflikt, t.d. lang sjøkabeltrasé.
8. NVE og Statnett går i dialog om å forenkle og framskande konsesjonsprosessen og auka bruk av parallell behandling. Dette arbeidet bør starta snarast, medan KVU-en ligg hjå OED.
9. Tidlege møte med kjende kjelder til lokalkunnskap som kommunar og fylkeskommunar kan gje NVE og Statnett eit godt kunnskapsgrunnlag for kva som bør konsekvensutgreiast.
10. Start arbeid med konsekvensutgreiing tidleg for tema der det ikkje er tvil om at dette skal utgreiast. Dette gjerast før formelt KU-vedtak.
11. Start arbeidet med konsekvensutgreiing og detaljplanlegging før dei formelle vedtaka i NVE.
12. Utstyr med lang leveringstid som til dømes transformatorar bestillast før endeleg konsesjonsvedtak slik at bygginga kan starte straks konsesjonsvedtaket ligg føre.
13. OED prioriterer rask handsaminga av konsesjonen etter innstilling.

Samandrag

Kraftsituasjonen i Bergensområdet er så anstrengt at det er helt naudsynt med spesiell innsats for å få nettataka i Bergensområdet raskare på plass. Skal Vestland og Noreg koma sigrande ut av det grøne skiftet på ein måte som gagnar både klima, økonomi og levekår er det avgjerande at ekstraordinære tiltak gjennomførast. Me er i det grøne skiftet no, næringslivet ser etter aktuelle lokasjonar. Har me ikkje straum til det grøne skiftet no, er vi heller ikkje med etter 2025, då har industrien etablert seg andre stader enn Vestland. Fylkeskommunen meiner denne utfordringa må møtast ved å prioritere og styrke nettoppgraderingstiltak og ved å leggje til rette for raskare saksbehandling av nytt kraftsamband til Kollsnes.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det er knytt stor bekymring til kraftnettsituasjonen i Vestland, og spesielt Bergensregionen. Vestland fylkeskommune jobbar hardt for å løyse denne utfordringa gjennom kontinuerleg administrativ innsats og fleire politiske vedtak. Dette arbeidet gjev no resultat mellom anna i form av at [BKK](#), dei andre [store nettselskapa](#) og no til og med [vassdrags- og energidirektøren i NVE uttrykker bekymring til situasjonen](#).

Fylkesordføraren i Vestland leverte 26.06.2020, saman med Byråd i Bergen kommune, Ordførar i Øygarden kommune og Leiar i Regionrådet Nordhordland ei bekymringsmelding til Olje- og energiminister Tina Bru om kraftsituasjonen i Bergensområdet. I brev datert 06. oktober 2020 opnar ministeren for eit eige møte med Vestland fylkeskommune for å høyre Vestland sine synspunkt på problemstillinga knytt til kraftnettet.

Fredag 19. februar vart Fylkesordførar invitert til møte med Tina Bru. Der ba Statsråden om at fylkeskommunen gjev innspel til stortingsmeldinga «stortingsmelding om langsiktig verdiskaping fra norske energiresurser» som dei skal ferdigstilla snarleg. Dette fordi denne tematikken får plass der. Fylkeskommunen har gjeve innspel til denne meldinga tidlegare, innan høyringsfristen. Dette innspelet til som gjekk til OED vart endeleg vedtatt i fylkesutvalet 10.12.2020 i sak PS 314/2020.

Fylkeskommunen meinte i førre innspel til stortingsmeldinga at fyrste tiltak måtte vere: «Å styrke det norske kraftnettet for å legge til rette for grøn omstilling og nyetablering må stå sentralt.» Naudsyntheita av dette tiltaket validerast av nettselskapa no. Kraftsituasjonen i Bergensområdet er så anstrengt at det er helt naudsynt med spesiell innsats for å få netttiltaka i Bergensområdet raskare på plass. Noverande ledetider for slike prosjekt er for tidkrevjande. Skal Vestland kome i posisjon til å få ny kraftkrevjande industri i regionen i dei næraste åra, er det avgjerande at nettkapasiteten blir utbetra, både på kort og lang sikt.

Fylkesrådmannen ønskjer å konkretisere tidlegare framlegg til tiltak i dette andre innspelet til stortingsmeldinga. Meir spesifikt meiner Fylkesrådmannen at følgjande tiltak må gjennomførast:

Forser, forsterk og forplikt arbeidet med allereie starta nettprosjekt i regionen

- Spenningsoppgradering mellom Sogndal og Modalen/Steinsland til 420 kV.
- Spenningsheving på sambanda vidare til Kollsnes.
- Auke kapasiteten på kabelstrekke mellom Litle Sotra og Kollsnes.
- Auke transformeringskapasiteten i Bergen og omland.

Prioritert og rask saksbehandling innom det lova tillét i Statnett, NVE og OED for nytt kraftsamband til Kollsnes frå Sogndalssnittet

- Tiltaka i Bergensområdet prioriterast fyrst i prosjektbehandling hjå Statnett, NVE og OED. Tiltaka for nettstyrking i Bergensområdet må kome øvst i bunken.
- Statnett og NVE må setje inn nok arbeidskraft til forsert behandling av netttiltaka i Bergensområdet.
- Statnett vel traséalternativ for ny leidning til Kollsnes som gjev minst mogleg potensial for konflikt, t.d. lang sjøkabeltrasé.
- NVE og Statnett går i dialog om å forenkla og framskande konsesjonsprosessen og auka bruk av parallell behandling. Dette arbeidet bør starta snarast, medan KVVU-en ligg hjå OED.
- Tidlege møte med kjende kjelder til lokalkunnskap som kommunar og fylkeskommunar kan gje NVE og Statnett eit godt kunnskapsgrunnlag for kva som bør konsekvensutgreiast.
- Start arbeid med konsekvensutgreiing tidleg for tema der det ikkje er tvil om at dette skal utgreiast. Dette gjerast før formelt KU-vedtak. Døme på dette kan vera at Statnett, etter samtale med fylkeskommunen og NVE, startar ei konsekvensutgreiing for kulturminne slik at NVE ikkje må ta stilling til om dette skal konsekvensutgreiast i handsaminga av utgreiingsprogram.
- Konsekvensutgreiing og detaljplanlegging startar før dei formelle vedtaka i NVE.
- Utstyr med lang leveringstid som til dømes transformatorar bestillast før endeleg konsesjonsvedtak slik at bygginga kan starte straks konsesjonsvedtaket ligg føre.
- OED prioriterer handsaminga av konsesjonen etter innstilling.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har avgjerdsmynde i denne saka.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Tiltaket styrkar satsing på grøne nye arbeidsplassar. Tiltaket kan hindra auka kostnadar knytt til ev. nedetid ved straumbrot for nettbrukarar i fylket.

Klima:

Saka styrker satsinga Vestland har på grøn omstilling og nye framtidretta arbeidsplassar. Vedtaket i denne saka påverkar kor sårbar Vestland fylke er i møte med klimaendringane.

Folkehelse:

Ikkje relevant utover effekten klimaendringane har på folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Tiltaket støttar opp under FN sine berekraftsmål som ligg til grunn for utviklingsplanen i Vestland. Tiltaket støttar såleis òg opp under utviklingsplanen. Tiltaket støttar opp under Vestland sin visjon om å vere nyskapande og berekraftig. Tiltaket set retning for utviklinga i vestland. Tiltaket har stor verdi for kommunar, næringsliv og innbyggjarar i Vestland. Tiltaket bidreg til å utvikle gode tenester og eit framtidretta Vestland.

Konklusjon

Kraftsituasjonen i Bergensområdet er så anstrengt at det er helt naudsynt med spesiell innsats for å få netttiltaka i Bergensområdet raskare på plass. Skal Vestland og Noreg koma sigrande ut av det grønne skiftet på ein måte som gagnar både klima, økonomi og levekår er det avgjerande at ekstraordinære tiltak gjennomførast.